

Kontrakt ved kjøp av fritidsbåt mellom private

Viktig: Les om kontrakten

Kontrakten kan fyllast ut elektronisk eller skrivast ut og fyllast ut på papir. Forbrukarrådet tilrår at kontrakten blir fylt ut elektronisk av partane i fellesskap. Forbrukarrådet oppmodar begge partane til å lese gjennom heile avtalen før avtalen blir underskriven. Forbrukarrådet tek ikkje ansvar for eventuelle feil ved utfyllinga av kontrakten.

Kontrakten må skrivast ut i minst to eksemplar og underskrivast av begge partar. Vi tilrår også å underskrive kvar side med initialar.

Forbrukarrådet sine kontraktar blir oppdaterte løpande. Siste dato for oppdatering går fram av den einskilde kontrakten. Reglar og praksis på området kan endrast, og det kan vere periodar der innhaldet i kontraktane og tilhøyrande rettleiingar ikkje er oppdaterte. Forbrukarrådet fråskriv seg einkvar mogeleg ansvar for feil, utelatingar eller mangelfulle oppdateringar. Ta kontakt med Forbrukarrådet på telefonnummer 23 400 500 dersom du har spørsmål til kontrakten.

1. Partar

Seljar

Namn:

.....

Fødselsnr. (11 siffer):

.....



Fullt fødselsnummer til seljar må opplysast for å få tilgang til informasjonen i <http://brreg.no/tinglysing/tinglysbat.html> - Lausøyreregisteret i Brønnøysund

Adresse:

.....

Postnr./stad:

.....

E-post:

.....

Tlf. nr.:

.....

Kjøpar

Namn:

.....

Fødselsnr. (11 siffer):

.....

Adresse:

.....

Postnr./stad:

.....

E-post:

.....

Tlf. nr.:

.....

2. Båttype, motor og utstyr

Båtfabrikat:

.....

Typenemning:

Byggjeår:

.....

Registreringsnr.:

.....

Motorfabrikat:

Type:

.....

Motor årsmodell:

Gangtid:

.....

Motoren sitt nr.:

.....

Båten er typegodkjend:

Ja Nei

Kjenningsignal/VHF:

.....

HIN/CIN-kode:

.....

CE-merket

Båten er CE-merkt:

Ja Nei

Dersom nei, kvifor ikkje:

.....

2. Båttype, motor og utstyr

Utstyr

Utstyr og tilbehør som inngår i prisen:



3. Tilstanden til båten

Blir båten seld «som han er»:

Ja Nei



Når det er teke eit atterhald om at ein båt blir seld «som han er», tyder det at kjøpar overtek mykje av risikoen for at båten kan ha skjulte manglar. Dersom kjøpar oppdagar manglar etter at avtalen er inngått, er det normalt ikkje eit kontraktsbrot med mindre seljar har gitt feil eller manglande opplysingar, eller dersom båten er i vesentleg dårlegare stand enn det kjøpar hadde rimeleg grunn til å rekne med ut frå storleiken på kjøpesummen og andre tilhøve.

Båten har berre vore eigd av private:

Ja Nei

Båten er heilt eller delvis sjølvbygd, innreidd eller bygd om:

Ja Nei

Dersom ja, spesifiser kva som er gjort:

Båten er heilt/delvis lakka om (gjeld plastbåtar):

Ja Nei

Dersom ja, spesifiser her:

3. Tilstanden til båten

Motor er skifta:

Ja Nei

Dersom ja, spesifiser her:

Tidlegare skadar:

Ja Nei

Dersom ja, spesifiser kva skadar:

Reparasjonar siste to år:

Ja Nei

Dersom ja, spesifiser her:

Båten har problemer med

motor

skrog (lekkasje, røte, skadar)

rigg, segl

elektrisk anlegg

gir, propellanlegg, ror

Spesifiser problemet nærare her:

4. Hefte

Båten er fri for hefte:

Ja Nei

Dersom nei, spesifiser kva hefte:

5. Undersøking

Kjøpar har undersøkt og prøvekjørt båten:

Ja Nei

Båten er undersøkt på land:

Ja Nei

Tilsynsrapport er framlagd:

Ja Nei

Dersom ja, tilsynsrapport er datert (sett inn dato):

.....

Lausøyreregisteret er sjekka:

Ja Nei

Småbåtregisteret er sjekka:

Ja Nei

Er båten registrert i Skipsregisteret-NOR:

Ja Nei

6. Overtaking og kjøpesum

Seljar seier opp forsikringa på båten frå overtakinga, dato:

.....

Kjøpesum kr:

Betalingsmåte:

.....

Kjøpesum med bokstavar:

.....

7. Andre vilkår

Andre vilkår:

.....

8. Stad/dato og underskrifter

Stad:

Dato:

.....

Seljar si underskrift:

.....

Kjøpar si underskrift:

.....

Om CE-merking

CE-merket skal gje tryggleik for at båten og utstyret er i samsvar med gjeldande reglar.

Som hovudregel skal alle båtar og båtane sine ulike komponentar (motor, ratt, styremekanismar, drivstofftankar etc.) som blir selde i Noreg vere CE-merkt. CE-merket skal gje tryggleik for at båten og utstyret er i samsvar med gjeldande reglar. Kjøp av båt som ikkje er CE-merkt, inneber at kjøpar tar ein tryggleiksrisiko. I tillegg kan det oppstå problem ved eit eventuelt framtidig sal av båten. Ettersertifisering er mogeleg, men vil kunne vere kostbart og omstendeleg.

CE-merket er produsenten si eiga erklæring om at produktet oppfyller regelverket (minimumskrava til styresmaktene til helse, miljø og tryggleik).

Se gjeldande regelverk:
Forskrift 20. des. 2004 nr. 1820.

Sjøfartsdirektoratet har nyttig informasjon om CE-merking av fritidsbåtar som du finn på www.sjofartsdir.no. Du kan også kontakte dei på telefon 52 74 50 00.

Forbrukarrådet har utarbeidd ei merkeoversikt. Her finn du råd, rettleiing og informasjon om miljømerke som kan hjelpe deg til å velje trygt for miljøet og di eiga helse.

Hugseliste for kjøpar

Undersøkingar

Undersøk og prøveøyr båten før du inngår avtale. Om mogeleg, få båten undersøkt av ein båtkunnig før du kjøper.

Registrering i småbåtregisteret

Sjekk om båten er registrert i småbåtregisteret – gå inn på www.nssr.no/sbr/. Dersom båten er registrert, kan du sjekke eigarforhold og om båten har vært meld stolen.

Registrering i NOR

Sjekk om båten er registrert i Skipsregisteret-NOR. Gå inn på www.sjofartsdir.no. Dersom båten er registrert, må eigarskifte meldast dit. Ta direkte kontakt med registeret for nærare informasjon. I Skipsregisteret kan det vere registrert pant i båten.

Vi tilrår også at kjøpar undersøkjer i Lausøyreregisteret i Brønnøysund om det er utlegg eller pant i båten.